



Slektsgruppe og Amerikabesøk på Bygdetunet Rød i dag

**Eit femtitals menneske var i dag samla til slektstreff i Gamleskulen. Slekt er etterkomarane etter Johannes Steinsletto og kona Ragnhild Margrete frå Onarheim på Tysnes. Stor stas var det at det var Amerikabesøk og mykje av samlinga var laga til for dei.**

Plassen slekta kjem frå er Inngjerde på Steinsletto. Johannes fekk feste på plassen her. Han var fabrikkarbeidar og husmann. Johannes Stensletten var kyrkjetenar straks kyrkja var ny, noko han var fram til 1944. Sonen, Samson, var ei tid med og trødde orgelet.

Etter lunsj i Gamleskulen gjekk turen til Haugland med kortversjon av ein skuledag i gamle dagar. På Bygdetunet Rød fekk gruppa innføring bu- og levemåten i Noreg på 18 og 1900 talet. I Lemstova på Rød finn vi bilete av kongeparet frå 1905. Gjesten frå USA kunne fortelja at just dei same bileta finst i stova deira i Amerika. Turen gjekk vidare til Rosendal med innlagt stopp på Galeas Gurine i Skålafjæro.

Programmet resten av dagen held fram i Gamleskulen.

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: Olav Fjell  
Nett: Thor Inge Døssland